


Treng du transport?

Tilbod frå Skyss Bestilling

Informasjon

Ruter, tider og
bestillingsinfo for
Skyss Bestilling



Tilbod i Stad kommune

skyss 

 Stad
kommune



- Når du treng å komme deg rundt!

Skyss Bestilling – enkel og tilgjengelig transport for alle

Skyss Bestilling er bussar som køyrer når du bestiller. Tilbodet er ope for alle og godt tilrettelagt for personar med funksjonsvariasjonar. I 2025 har tenesta blitt endå betre, slik at fleire kan reise trygt og enkelt med buss. No tilbyr Skyss Bestilling bl.a. fleire bussar med lågt golv ved inngangen, som gjer det lettare å gå av og på – spesielt for eldre, personar med nedsett funksjonsevne og barnefamiljar.

Skyss Bestilling* har **tre ulike tilbod!**

1. Skyss Bestilling – **bussen kjem når det passar deg**
2. Skyss Bestilling – **faste ruter på faste dagar**
3. Skyss Bestilling – **trygt heim**

* Tilboda Serviceskyss og Trygt heim er no blitt til Skyss Bestilling


På dei neste sidene finn du ei samla oversikt over alle tilboda og kva som gjeld for desse!

God tur!

1. - Bussen kjem når det passar deg

Du bestiller bussen til det tidspunktet og frå den staden som passar for deg. Bussen hentar deg der du er, og køyrer deg dit du skal. Du kan til dømes bestille ein tur dersom du skal på butikken, på trening, til legen eller på besøk. Tilbodet gjeld i eit bestemt nærområde og innanfor ein fast tidsperiode.

Ruter	Tider
Bussen køyrer i områda: Stårheim i vest, Remmedalen/Hjelmelandsdal en i nord, Mogrenda/Nes i aust. Sjå avgrensing i kartet.	Måndag, onsdag og fredag mellom kl. 16.00 og 20.00, med unntak av heilagdagane.



Kart: Ruteområde for *Skyss Bestilling* – bussen kjem når det passar deg.

Bestilling:

- Du kan laste ned appen **Skyss Bestilling** frå [App Store](#) eller [Google Play](#) eller [bestille reisa di på bestilling.skyss.no](https://bestilling.skyss.no).
- Ringe Skyss Bestilling på **55 55 90 99** måndag–fredag mellom klokka kl. 08.00-17.00.

Du kan bestille bussen så tidleg som sju dagar i forvegen, og så seint som **30 minutt før avreise**. Dersom fleire skal reise på same tid som deg, kan det bli inntil 15 minutt å vente.

Du får informasjon i appen eller på tekstmelding om nøyaktig når bussen kjem. Dersom du ønsker å reise på faste dagar, kan du bestille fleire turar for inntil ein måned fram i tid.

Nb! Tilbodet med Skyss Bestilling kan endre seg. Du vil til ei kvar tid finne oppdatert informasjon om ruter og tider på nettsida skyss.no/bestilling og appen Skyss Bestilling.

2. - Buss med faste ruter på faste dagar

Bussen køyrer langs ei fast rute og tek små avstikkarar for å hente deg der du er, og køyre deg dit du skal. Ruta går på faste dagar og tidspunkt, men berre dersom nokon har bestilt. Tilbodet er ope for alle, og det er godt tilrettelagt for personar med funksjonsvariasjonar.

Ruter	Tider
Bryggja-Nordfjordeid t/rt	Tysdag: Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 10:00 Avreise Nordfjordeid kl. 13:00
Navelsaker-Nordfjordeid t/rt	Annankvar tysdag (partalsveke): Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 10:00 Avreise Nordfjordeid kl. 12:00
Torheim-Nordfjordeid t/rt	Annankvar tysdag (partalsveke): Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 11:00 Avreise Nordfjordeid kl. 13:00
Holmøyane-Nordfjordeid t/rt	Annankvar tysdag (oddetalsveke): Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 10:00 Avreise Nordfjordeid kl. 12:00
Hennebygda-Nordfjordeid t/rt	Annankvar tysdag (oddetalsveke): Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 11:00 Avreise Nordfjordeid kl. 13:00
Ytre Skårhaug-Nordfjordeid t/rt	Laurdag: Ankomst Nordfjordeid ca. kl. 11:00 Avreise Nordfjordeid kl. 13:00
Honningsvåg-Leikanger-Selje	Annankvar måndag (partalsveke): Avreise Honningsvåg kl. 09:00 Avreise Selje kl. 12:00
Hoddevik-Leikanger-Selje	Annankvar måndag (oddetalsveke): Avreise Hoddevik kl. 09:00 Avreise Selje kl. 12:00

Bestilling:

- Du kan laste ned appen **Skyss Bestilling** frå [App Store](#) eller [Google Play](#) eller [bestille reisa di på bestilling.skyss.no](https://bestilling.skyss.no).
- Ringe Skyss Bestilling på **55 55 90 99** måndag–fredag mellom klokka kl. 08.00-17.00.

Når du har bestilt vil du få informasjon om nøyaktig når du blir henta. Dersom mange skal reise samtidig, kan det blir litt ventetid.

Bestillingsfristen er **to timar før avreise**. Dersom du ønsker å reise på faste dagar, kan du bestille fleire turar for **inntil ein måned fram i tid**.

3. - Trygge heimreiser

Skyss Bestilling køyrer langs faste ruter, og tek små avstikkarar for å køyre deg så nært som mogleg dit du skal. Tilbodet er ope for alle. Er det ikkje plass til alle, vil dei unge bli prioritert.

Ruter	Tider
Nordfjordeid-Bryggja	Søndag: Avreise Nordfjordeid kl. 02.45
Nordfjordeid-Hennebygda	Søndag: Avreise Nordfjordeid kl. 02.45
Nordfjordeid-Navelsaker	Søndag: Avreise Nordfjordeid kl. 02.45
Nordfjordeid-Torheim	Søndag: Avreise Nordfjordeid kl. 02.45
Nordfjordeid-Grodås	Søndag: Avreise Nordfjordeid kl. 02.45

Bestilling:

- Du kan laste ned appen **Skyss Bestilling** frå [App Store](#) eller [Google Play](#) eller [bestille reisa di på bestilling.skyss.no](https://bestilling.skyss.no).
- Ringe Skyss Bestilling på **55 55 90 99** måndag–fredag mellom klokka 08.00-17.00.

Bestillingsfristen er kl. 18.00 på fredag.

Nb! Tilbodet med Skyss Bestilling kan endre seg. Du vil til ei kvar tid finne oppdatert informasjon om ruter og tider på nettsida skyss.no/bestilling og appen Skyss Bestilling.

Billett og pris

Du kjøper billett i appen Skyss Billett, om bord med kontantar eller bankkort, på SMS eller i nettbutikken. Skyss Bestilling har vanleg billettpris, og du kan bruke periodebillett dersom du har det.

Vaksen: **kr. 51,-**


Born: **kr. 26,-**

Honnør: **kr. 26,-**

Student: **kr. 30,-**

(Prisar pr. februar 2026)

**Bestill slik det
passar for deg**



**Appen Skyss
Bestilling**



skyss.no/bestilling



55 55 90 99



Stad kommune

post@stad.kommune.no

www.stad.kommune.no